



Fylkesmennene  
Kommunane

Postadresse: Postboks 8140 Dep.  
NO-0033 Oslo, Norway  
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00  
Telefaks: +47 24 13 10 05  
E-post: [postmottak@slf.dep.no](mailto:postmottak@slf.dep.no)  
Internett: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

Kontaktperson: For kommunen: Fylkesmannen

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA  
Bankkonto: 7694 05 02280

For fylkesmannen:  
Sverre Saxebøl (24131199), Cathrine Grasdalen (24131075),  
Jan-Endre Aasmundtveit (24131039), Ragnhild Williksen  
(24131174), Sten Erik Knive (24131022), Jon Løyland  
(24131083), og Ragnhild Skar (24131151).

Spørsmål om trekk i RMP sendes til Lars Jørund Østby, e-post  
[lars.jorund.ostby@slf.dep.no](mailto:lars.jorund.ostby@slf.dep.no)

Vår dato: 29.01.2010

Vår referanse: 201000001 – 6

Rundskrivet erstatter:

Vedlegg: 1

Kopi til: LMD, NB, NBS

## Utbetaling av produksjonstilskot i jordbruket etter søknad med frist 20.8.2009

Utbetaling av tilskot etter søknad med frist 20. august 2009 skjer onsdag 10. februar. Søkjar vil normalt ha pengane på konto innan fredag 12. februar. Statens landbruksforvaltning vil òg informere om utbetalinga på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no).

Einskilde søknader må vurderast nærare av kommunen før vedtak vert fatta. For meir informasjon om slike søknader og søknader som er avslått, sjå nedanfor under kapitla 4 og 5. I samband med handsaming av klager syner vi til retningsliner i rundskriv 31/09 (kommentarar til forskrifta) og 32/09 (sakshandsaming).

Denne utbetalinga omfattar :

- arealtilskot
- kulturlandskapstilskot
- omleggingstilskot til økologisk landbruk
- arealtilskot til økologisk landbruk
- tilskot til dyr på utmarksbeite
- tilskot til dyr på beite
- tilskot til husdyrtilskot til økologisk husdyrproduksjon
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Merk at tilskot for bikubar som vart innført ved jordbruksoppjøret i 2009 er ein del av tilskot til husdyr.

Det vert samtidig utbetalt kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot til dei føretaka som deltek i tiltaket 'Friskere geiter', sjå kapittel 2 for meir informasjon om dette.

## **Innhald**

<b>1. VEDTAK OG UTBETALING.....</b>	<b>3</b>
<b>2. SATSAR OG UTREKNINGSREGLAR.....</b>	<b>3</b>
Tilskot til husdyr .....	3
Tilskot til dyr på beite .....	4
Driftstilskot til mjølkeproduksjon .....	5
Driftstilskot til spesialisert kjøtfeproduksjon .....	5
Areal- og kulturlandskapstilskot .....	5
Tilskot til økologisk landbruk .....	6
Reduksjonar i tilskot .....	7
Krav om driveplikt i jordlova.....	8
Utbetaling av vederlag til føretak som deltek i prosjektet 'Friskere geiter' .....	8
<b>3. KRAV OM REGISTRERING I EININGSREGISTERET OG TIL STORLEIK PÅ OMSETNAD.....</b>	<b>8</b>
<b>4. SØKNADER SOM ER AVSLÅTT OG AVVIST .....</b>	<b>9</b>
<b>5. SØKNADER SOM ER STOPPA.....</b>	<b>9</b>
<b>6. TREKK I UTBETALINGAR .....</b>	<b>10</b>
PT880 Gjenstående trekk SLF/skjema .....	10
PT883 Innmeldte trekk.....	10
PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg .....	10
Handsaming av søknad om tilskot for føretak som også har søkt om tilskot til regionalt miljøprogram .....	10
<b>7. UTBETALINGAR ETTER SENTRAL UTBETALING (MANUELLE UTBETALINGAR) .....</b>	<b>11</b>
Hjelpeutrekning.....	11
Frist for registrering av saker .....	12

## 1. Vedtak og utbetaling

Alle søkjarar skal få eit skriftleg svar med vedtak i saka. Kopi av alle tilskotsbrev i kommunen, liste PT-2230, er tilgjengeleg i WESPA. Sjå òg lista som syner utbetalt beløp, PT-5040. Tilskotsbrev er sende til den adressa som føretaket/bedrifta har i Einingsregisteret. Pengane vert overført til den kontoen som er ført opp i søknaden eller til ny konto dersom forvaltninga har fått melding om dette. Dersom søkjar har skifta konto etter at søknaden vart sendt inn, men gløymt å gje melding til forvaltninga, vil utbetalt beløp gå til kontoen som er oppført på søknaden. Bankane har ulik praksis med omsyn til korleis dette vert handsama. I nokre tilfelle vil banken overføre beløpet til kunden sitt nye kontonummer, og i andre tilfelle vert beløpet returnert til Statens landbruksforvaltning. I slike tilfelle kan vi ikkje setje i verk ny utbetaling av tilskot før beløpet er returnert til oss, og søkjar har gjeve *skriftleg* opplysning om nytt kontonummer. Be søkjarane bruke skjema for endring av kontonummer (SLF-056). Dette skjemaet finst på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no).

## 2. Satsar og utrekningsreglar

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett satsane for utbetaling av tilskot for august-omgangen 2009. Endelege satsar er sett lik dei førebelse satsane i jordbruksavtala. Sjå òg rettleiingsheftet om produksjonstilskot i jordbruket for søknadsomgangene 20. august 2009 og 20. januar 2010.

Alle reglar for utmåling av produksjonstilskot finst i kapittel 6 i jordbruksavtala 2009-2010.

### *Tilskot til husdyr*

Etter jordbruksavtala 2009-2010 er maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr for kvart føretak 250 000 kroner. Dette gjeld alle føretak, også samdrifter i mjølkeproduksjon. Ved utbetaling av tilskot til husdyr etter søknad pr. 1. januar 2010 vert tilskotet avgrensa slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2009 og januaromgangen 2010 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje skal reknast inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For ein del føretak må ammekyrne vere av minst 50% kjøttferase før det kan gis tilskot som ammeku. Dette gjeld føretak:

- som driv både kumjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- der eigar/medeigar av føretaket også er deltakar i samdrift i kumjølkeproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigedom eid heilt eller delvis av deltakar i samdrift i kumjølkeproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigedom der anna føretak driv produksjon av kumjølke

Kva rasar som er godkjende som kjøttferase står i rettleiingsheftet, kapittel 3.5.

<i>Dyreslag</i>	<i>Intervall</i>	<i>Sats i kr/dyr<sup>1</sup></i>
<i>Mjølkeku</i>	1-16	1750
	17-25	872
	26-50	278
<i>Ammeku</i>	1-25	1755
	26-50	700
<i>Storfe</i>	1-250	393
<i>Mjølkegeit og mjølkesau<sup>2</sup></i>	1-125	560
	126-250	206
<i>Avlsgris</i> - Sør-Noreg - Nord-Noreg	1-35	457
	1-35	601
<i>Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser</i> - Sør-Noreg - Nord-Noreg - landet	1-1 000	6
	1-1 000	13
	1 001-5 000	6
<i>Bikubar<sup>3</sup></i>	1-250	300

### **Tilskot til dyr på beite**

<b><i>Utmarksbeitetilskot</i></b> <i>Dyreslag</i>		<i>Sone</i>	<i>Minimum tal veker på beite</i>	<i>Sats i kr pr dyr</i>
<i>Kyr, storfe, hestar</i>	Alle dyr	Alle	5	300
<i>Sauer, lam, geiter og kje</i>	Alle dyr	Alle	5	95
<b><i>Beitetilskot</i></b> <i>Dyreslag</i>				
<i>Kyr, storfe, hjort og hest</i>	Alle dyr	1-4	16	350
<i>Kyr, storfe, hjort og hest</i>	Alle dyr	5-7	12	350
<i>Sau, lam, geit og kje</i>	Alle dyr	1-4	16	60
<i>Sau, lam, geit og kje</i>	Alle dyr	5-7	12	60

Tilskot til dyr på beite kan ikkje gjevast for fleire dyr enn det føretaket disponerte 31.7.2009.

<sup>1</sup> Satsen er 0 kr/dyr utafør dei intervalla som er med i tabellen

<sup>2</sup> Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka vert nytta som råstoff ved lokal foredling

<sup>3</sup> For å ha rett på tilskot må føretaket ha eit driftsomsfang på minst 25 kubar.

**Driftstilskot til mjølkeproduksjon**

	5 kyr eller meir pr. føretak, kr/føretak	4 kyr pr. føretak, kr/føretak	3 kyr pr. føretak, kr/føretak	2 kyr pr. føretak, kr/føretak	1 ku pr. føretak, kr/føretak
<i>Kumjolk, Sør-Noreg</i>	40 900	32 720	24 540	16 360	8 180
<i>Kumjolk, Oslofjorden<sup>4)</sup></i>	43 350	34 680	26 010	17 340	8 670
<i>Kumjolk, Nord-Noreg</i>	43 800	35 040	26 280	17 520	8 760
	<i>Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak</i>			<i>Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit</i>	
<i>Geitmjolk</i>	43 800			1 622	

For samdrifter som er godkjende av Statens landbruksforvaltning før 1. juli 2004 eller som søkte SLF om godkjenning før 1. juli 2004 og starta opp innan 31. desember 2005 er tilskotet fylgjande:

<i>kumjolk, Sør-Noreg:</i>	<i>2 medlemar:</i>	42 400 kr
	<i>3 eller fleire medl.:</i>	46 850 kr
<i>kumjolk, Oslofjorden<sup>4)</sup>:</i>	<i>2 medlemar:</i>	47 400 kr
	<i>3 eller fleire medl.:</i>	54 350 kr
<i>kumjolk, Nord-Noreg</i>	<i>2 medlemar:</i>	47 400 kr
<i>og geit, heile landet:</i>	<i>3 eller fleire medl.:</i>	54 350 kr

**Driftstilskot til spesialisert kjøtfeproduksjon**

Tilskot er 820 kr pr. ammeku, rekna frå første ammeku, for føretak med 6 til 50 ammekyr, og 41 000 kr pr. føretak for føretak med 50 eller fleire ammekyr.

**Areal- og kulturlandskapstilskot**

<i>Vekst</i>	<i>Intervall</i>	<i>Sone - Sats i kr/ daa</i>						
		<i>1</i>	<i>2</i>	<i>3</i>	<i>4</i>	<i>5</i>	<i>6</i>	<i>7</i>
<i>Kulturlandskapstilskot</i>	<i>Alt areal</i>	191						
<i>Satsar arealtilskot:</i>								
<i>Grovfôr</i>	<i>0-200</i>	75	0	99	208	236	266	
<i>Grovfôr</i>	<i>Over 200</i>	50	0	50			266	
<i>Korn</i>	<i>0-800</i>	107	159		247			
<i>Korn</i>	<i>Over 800</i>	96	146		232			
<i>Potet</i>	<i>Alt areal</i>	50					900	
<i>Grønsaker</i>	<i>0-60</i>	400					1500	
<i>Frukt og bær</i>	<i>0-40</i>	550			1000		1150	

Merk at den maskinelle avkortinga av grovfôrareal i enkelte høve er noko streng. Føretak som driv mjølkeproduksjon i samdrift kan få areal- og kulturlandskapstilskot for grovfôrareal som vert beita av samdrifta sine dyr (søknad merka med kode 31). Ved den maskinelle utrekninga av tilskot vert det utrekna tilskot for innmarksbeiteareal (kode 212 i søknad). I enkelte høve vert anna grovfôrareal (kode 210 eller 211 i søknad) avkorta fordi det ikkje er seld så mykje fôr at søkjar har rett på tilskot for heile arealet. Om anna grovfôrareal er nytta som beite for samdrifta sine dyr, har søkjar òg rett på tilskot for dette arealet, sjølv om dei maskinelle rutinane ikkje får dette med i utrekninga av tilskot.

<sup>4</sup> Gjeld fylka Østfold, Vestfold, Oslo, Akershus og kommunane Røyken, Hurum, Lier og Drammen i Buskerud

Arealtilskotet vert rekna ut etter den sonen arealet er i. For grovfôr, korn, grønsaker, frukt og bær er det ulik sats etter kor stort areal føretaket disponerer av denne veksten. Tilskot vert rekna ut etter kor stor del av arealet av aktuell vekst som er i kvar sone.

*Døme:*

Eit føretak disponerer 500 daa grovfôr, 200 daa (= 40 %) i sone 2 og 300 daa (= 60 %) i sone 5. Arealtilskot vert utrekna slik:

0-200 daa, sone 2:	80 daa (= 40 %) à 0 kr/daa	= 0
” , sone 5:	120 daa (= 60 %) à 208 kr/daa	= 24 960 kr
over 200 daa, sone 2:	120 daa (= 40 %) à 0 kr/daa	= 0
” , sone 5:	180 daa (= 60 %) à 50 kr/daa	= 9 000 kr
Arealtilskot i alt		33 960 kr

I vedlegg til rundskrivet er det gjeve eit døme på utrekning av grovfôrareal det kan gjevast tilskot for når arealet vert avgrensa.

**Tilskot til økologisk landbruk**

Vekst Dyreslag	Omleggingstilskot, kr pr. daa	Arealtilskot, kr pr. daa	Tilskot til økologisk husdyrproduksjon, kr pr. dyr <sup>1</sup>	
			AK-sone 1-4	AK-sone 5-7
Grønsaker, frukt og bær	250	1000		
Poteter	250	500		
Korn til modning og krossing	250	300		
Grøngjødsling	250	500 <sup>2</sup>		
Innmarksbeite <sup>3</sup>	0	75		
Anna areal som vert dyrka økologisk	250	75		
Mjølkeku			775	901
Ammeku			497	685
Andre storfe			150	217
Mjølkegeit,			35	45
Avlsgris			150	150

<sup>1</sup> Tilskotet vert gjeve frå og med første søknadsomgangen etter at omlegging startar

<sup>2</sup> Arealtilskot for inntil 50 % av areal til korn, potet, grønsaker, frukt og bær. I tillegg vert det gjeve 191 kr/daa i kulturlandskapstilskot for økologiske grøngjødslingsarealer, slik at samla tilskot til grøngjødslingsarealer er 691 kr/daa

<sup>3</sup> Arealet skal normerast med faktor 0,6

For å ha rett til tilskot til økologisk landbruk, må føretaket være inspisert av Debio, og produksjonen må være godkjent som 'under omlegging til økologisk drift' (karens) eller 'lagt om til økologisk drift'. **Debio kontrollerer at produksjonen følgjer reglane i forskrift om økologisk produksjon og merking av økologiske landbruksprodukt og næringsmiddel. Kommunen godkjenner areal og tal dyr søkjar kan få tilskot for.**

Alle søkjarar som klagar på vedtaket, og meiner at dei har krav på meir tilskot til økologisk landbruk enn dei får ved den sentrale utbetalinga, må dokumentere at dei har produksjonar som er godkjende av Debio i 2009. Sjå òg [www.debio.no](http://www.debio.no), 'oversikter og rapporter'. Merk at kravet om kart som vedlegg til søknad om omleggingstilskot òg gjeld for klager.

***Omleggingstilskot***

Omleggingstilskot gjevast for kvart karensår. Ved utbetalinga no vil tilskotet gjevast for areal der omlegginga starta i perioden 1. januar til og med 31. juli 2009 og for areal der omlegging starta i 2008.

Omleggingstilskotet gjevast uavhengig av vekst i omleggingsperioden. Eng- og beiteareal i karens (ført opp i kode 850 og 851 i søknaden) vert ikkje avgrensa før utrekning av omleggingstilskotet. Eit føretak som til dømes disponerer 200 daa eng i karens (1. karensår), men korkje har grovfôrdrør eller sel grovfôr, får omleggingstilskot for arealet, men ikkje areal- eller kulturlandskapstilskot.

Ved jordbruksoppgjæret 2007 vart kravet til minst fem års økologisk drift etter omlegging redusert til tre år. For føretak som allereie har fått omleggingstilskot etter den tidlegare ordninga gjeld kravet om minst fem års drift etter omlegging framleis, då søknaden vart løyvd på dette vilkåret. Dersom kommunen i slike tilfelle oppdagar at det er utbetalt omleggingstilskot for areal som ikkje er drive økologisk minst 5 år etter omlegging, må kommunen fatte vedtak om tilbakebetaling av omleggingstilskotet for dette arealet.

***Arealtilskot***

Arealtilskot gjevast for areal som er lagt om til økologisk drift. Ved søknadsomgangen 20. august 2009 vert det gjeve tilskot til areal som er godkjent som omlagt til økologisk seinast 31. juli 2009.

Hovudregelen er at arealtilskot til økologisk landbruk vert gjeve for same areal som areal- og kulturlandskapstilskot. Reglane for å avgrense grovfôrareal er dei same for økologisk og konvensjonelt dyrka grovfôrareal. Økologisk drive, brakka areal vert ikkje avgrensa, men har berre rett på arealtilskot, økologisk landbruk.

***Reduksjonar i tilskot***

Det vert trekt eit botnfrådrag, 3 000 kr pr. føretak pr. år, og så langt det er mogleg vert botnfrådraget trekt ved utbetalinga i februar.

Føretak som ikkje har miljøplan får tilskotet redusert slik:

Areal daa	Trekk
≤ 250	8 000
251 - 500	12 000
> 500	18 000

Avgrensing i produksjonstilskotet på grunn av manglande eller mangelfull miljøplan skjer på grunnlag av arealet i søknaden. Hugs å sjå om eit føretak har stort nok spreieareal til den husdyrproduksjonen føretaket driv. Dersom husdyrproduksjonen har eit omfang som krev større spreieareal enn det arealet føretaket disponerer, skal avgrensing av produksjonstilskotet skje på grunnlag av det arealet som er naudsynt som spreieareal. Søknader med lite areal i høve til dyr, er merka med varselkode 306 i inputkontrollen (sjå rapport PT-1001C).

Eventuell rest av botnfrådrag og trekk grunna manglande miljøplan vert trekt ved utbetalinga i juni.

Minste beløp som vert utbetalt er kr 300. Gebyr ved direkte utbetalingskort er kr 100.

Lista PT-1040 syner alle føretak som ikkje har miljøplan og kva beløp som er utrekna som trekk, jf. forskrift om miljøplan.

Ved den sentrale utbetalinga, vil SLF setje i verk trekk for søknader som er levert for seint med 1000 kr pr. virkedag frå og med 21. august. Søknader som er levert 21. september eller seinare skal avvist, med mindre føretaket etter særskilt søknad har fått dispensasjon frå søknadsfristen. Kommunane og fylkesmennene må sørgje for at dette blir sett i verk òg ved utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar).

#### *Bruk av Husdyrregisteret ved utmåling av tilskot*

For føretak med driftssenter i kommunane som er omfatta av Pilotprosjektet for bruk av Husdyrregisteret ved utmåling av produksjonstilskot<sup>5</sup>, vert tilskotet redusert med 500 kr per dyr i avvik mellom talet på storfe i produksjonstilskotsøknaden og i Husdyrregisteret. Samanlikninga er gjort for datoen 31. juli 2009, etter at fristen for oppretting av feil gjekk ut 1. desember, jf. rundskriv 37/09 og brev til søkjarane. I tilskotsbrevet som SLF produserer vil berre reduksjonsbeløpet visast, ikkje talet på dyr i avvik. Lista PT4010 som er tilgjengeleg hjå fylkesmennene, viser tala som er samanlikna frå søknaden og Husdyrregisteret. Kommunane og fylkesmennene må sørgje for at tilskotsreduksjon for avviket også blir gjort ved utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar).

#### **Krav om driveplikt i jordlova**

I jordlova § 8 vart det frå 1. juli 2009 innført krav om driveplikt for eigar av jordbruksareal, enten ved eiga drift eller ved bortleige på skriftleg avtale i 10 år. SLF har fått fleire spørsmål om forholdet mellom kravet til 10-års leigeavtale i jordlova og regelverket for produksjonstilskot.

Normalt vil ikkje kravet om driveplikt ha innverknad på utmåling av tilskot. Kravet i jordlova retter seg mot **jordeigar**. Dersom jordbruksarealet er leigd bort vil det i dei fleste tilfelle vere føretaket til **jordleigar** som skal oppfylle vilkåra for å produksjonstilskott. I følgje forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket § 12 kan tilskotet avkortast dersom føretaket driv i strid med regelverk for jordbruksverksemd. Dersom kravet til 10-års leigeavtale ikkje er oppfylt, er det vanlegvis **jordeigar** og ikkje føretaket til **jordleigar** som kan ha gjort seg skuldig i regelbrot.

I nokre tilfelle kan det være at føretaket til **jordeigar** oppfyller vilkåra for å få tilskot for areal og husdyr sjølv om heile eller delar av arealet er leigd bort, til dømes ved utleige av innmarksbeite til hobby- og sportshestar, jamfør jordbruksavtalen 2009-2010 kap. 6.5 og 6.7.5. Dersom ein **jordeigar** ikkje oppfyller driveplikta etter jordlova skal kommunen likevel først vurdere sanksjonar etter jordlova før det eventuelt kan bli aktuelt med avkorting i produksjonstilskot etter forskrifta § 12, jamfør også rundskriv frå SLF 31/09 kap. 12.1.

#### **Utbetaling av vederlag til føretak som deltek i prosjektet 'Friskere geiter'**

Deltakarar i tiltaket 'Friskere geiter' får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerar på teljedato. Føretaka skal få vederlag for tap av produksjonstilskot i tiltaksperioden, og det er fylkesmannen som utbetalar dette etter nærare reglar. Meir informasjon om utbetalinga kjem i eige brev til fylkesmannen i dei aktuelle fylka.

### **3. Krav om registrering i Einingsregisteret og til storleik på omsetnad**

Søkjaren sitt føretak må vere registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen og vere registrert som meirverdiavgiftspliktig innan søknadsfristen eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige

---

<sup>5</sup> Kommunane Askøy, Bergen, Fjell, Os, Osterøy, Øygarden, Sund, Austrheim, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy



varer og tenester på til saman minimum kr. 20 000 i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdato (i perioden 1. august 2008 – 31. juli 2009).

#### 4. Søknader som er avslått og avvist

Søknader med feilmelding (jf. lista PT-1003)

635 *Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*

636 *Søknaden er avslått, foretaket ikke i MVA-registeret innen søknadsfristen*

vert avslått direkte, det vil seie at søkjarane mottek vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot. Foretaka fyller ikkje grunnvilkåra i § 3 i forskrifta om å vere foretak innan søknadsfristen og vere registrert i Meirverdiavgiftsmanntalet innan søknadsfristen eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen.

Søknad frå foretak som ikkje var oppretta innan registreringsdato, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad er avslått fordi foretaket ikkje var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen 20. august 2009 jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

Søknad frå foretak som ikkje var registrert i Meirverdiavgiftsmanntalet innan søknadsfristen, eller som ikkje har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad er avslått fordi foretaket verken var registrert som meirverdiavgiftspliktig innan søknadsfristen 20. august, eller har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av perioden 1.8.2008-31.7.2009, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

Søknader med feilmelding

650 *Mottatt dato er etter 20.09*

vert avvist direkte, og søkjarane får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. september eller seinare. Det er ikkje innvilga dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 9 og 10.”*

Søknader med feilmelding

637 *Søknaden avslått av kommunen*

får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag dersom dette ikkje allereie er gjort.

Søknader med feilmelding

639 *Søknaden er avvist av kommunen*

får heller ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avvising dersom dette ikkje allereie er gjort.

#### 5. Søknader som er stoppa

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må vurderast nærare før vedtak kan fattast og utbetaling eventuelt kan skje. Lista PT-1003 syner kva søkjarar dette gjeld og kva som er årsak til stopp. Dette gjeld søknader med meldingane:

607 *Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema*

608 Kontrollskjema er ikke registrert  
609 Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet  
610 Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet  
621 Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse  
645 Søknaden stoppet av fylkesmannen  
646 Pålagt kontroll er ikke utført

Dei aktuelle søkjarane får tilsendt eit tilskotsbrev samtidig med at hovudbetalinga går der dei vert varsla om at det er tilhøve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

*”Søknaden om produksjonstilskot pr. 31.07.09 er motteken av kommunen, men sakshandsaminga er ikkje avslutta grunna omstende som må undersøkjast nærare. Vedtak i saka vil bli sendt så snart søknaden er ferdig handsama.”*

Ved vurderinga av slike søknader skal det takast utgangspunkt i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket og situasjonen på registreringsdato, 31. juli 2009.

## **6. Trekk i utbetalingar**

Føretak med trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller liknande, får dette spesifisert på tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister på FM-sambandet som syner kven dette gjeld. Dersom fylkesmannen skal betale ut tilskot manuelt etter klage eller feil, må sakshandsamaren gjere seg kjend med desse listene på førehand. Der eit føretak har hefte i form av til dømes motrekning og utlegg, skal dette leggjast inn i rutine for manuell utbetaling og effektuerast, jf. rettleiing.

### ***PT880 Gjenstående trekk SLF/skjema***

Desse trekka vert automatisk overførde til neste søknadsomgang. Dersom dei skal slettast, skal fylkesmannen gjere dette i trekkrutina i Saturn.

### ***PT883 Innmeldte trekk***

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling.

### ***PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg***

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attstående trekk av mva/skatt/utlegg. Attstående trekk skal effektuerast i manuelle utbetalingar i inneverande periode, men vert ikkje overførte til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot. Krav kan ikkje oppstå før søknadsfristen, og søknad må vere levert til kommunen.

For meir informasjon om trekk og motrekning syner vi til retningslinjer frå SLF som er gjevne i rundskriv 60/07 'Retningslinjer for saksbehandling ved feil utbetalt tilskudd etter erstatning'.

### ***Handsaming av søknad om tilskot for føretak som også har søkt om tilskot til regionalt miljøprogram***

Det vert gjennomført trekk i utbetalingar etter regionale miljøprogram. Føretak med trekk, som har søkt om både produksjonstilskot og regionalt miljøprogram, skal handsamast særleg av både SLF og fylkesmannen. SLF vil automatisk trekkje i utbetaling av tilskot til regionalt miljøprogram dersom eit føretak har attstående trekk i utbetalinga etter at heile produksjonstilskotet er trekt. Fylkesmannen må vente med å handsama klagesaker og manuelle utbetalingar i produksjonstilskot der det er attstående trekk og det skal utbetalast tilskot etter regionalt miljøprogram, til etter at RMP-tilskotet er utbetalt.

Dette er naudsynt for å hindre at desse søkjarane får dobbelt trekk. Det vil ikkje verte gjennomført trekk i manuelle utbetalingar for regionale miljøprogram.

Dei føretaka som skal ha trekk i tilskot etter regionale miljøprogram, vert lista ut på ei eiga oversikt, RMP-trekk, sjå FM-sambandet. Sjå også rundskriv 63/09 Utbetaling av tilskudd etter regionale miljøprogram, RMP 2009-1.

## **7. Utbetalingar etter sentral utbetaling (manuelle utbetalingar)**

Det vert vist til rundskriv 32/09 der saksbehandlingsrutinar er beskrive.

Etter den sentrale utbetalinga startar arbeidet med manuell behandling. Kommunen må gå gjennom listene som SLF har produsert ved den sentrale utbetalinga. Liste PT-1003 syner søknader som har blitt stoppa, fordi dei inneheld feil som ikkje har blitt retta opp i løpet av saksbehandlinga. Kommunen må så snart som råd fullføre behandlinga av desse sakene. Utbetalingar på slike saker må prioriterast. Eventuelle feil i utbetalingar som har gått må rettast. Dersom søkjaren meiner å ha rett til høgare tilskot enn det som er betalt ut, må vedkommande i samband med ein klage dokumentere at grunnlaget for utbetalinga er feil. Kommunen kan ta opp saker til behandling etter eige initiativ eller etter klage frå søkjaren, jf. forvaltningslova kap. VI. Dersom kommunen finn grunnlag for ei større utbetaling, skal det fattast eit vedtak som vert sendt søkjaren. I vedtaket skal kommunen grunngje kvifor søkjaren får høgare utbetaling.

Det er fylkesmannen som betaler ut tilskotet.

SLF vil i etterkant samanlikne manuelle og maskinelle berekningar, for å sikre at utbetaling av tilskot skjer i tråd med retningslinjene. Dersom kontrollen viser at det er utbetalt for mykje tilskot, skal dette betalast attende. Jf. forskrift om produksjonstilskot, § 14 og rundskriv 60/07 om tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot og erstatning.

### ***Ny rutine for manuelle utbetalingar***

Ny rutine for manuelle utbetalingar er førebels ikkje klar til bruk. Fram til den nye rutina er ferdig skal den gamle rutina for manuelle utbetalingar (RuLUt) nyttast. SLF har vore i kontakt med nokre fylker for testing av den nye rutina, og desse fylka vil få nærare informasjon om når testinga kan starte.

### ***Rutine for manuelle utbetalingar***

Rutine for manuelle utbetalingar vert etter planen distribuert til fylkesmannen i slutten av veke 6. Meir informasjon vert sendt som e-post til fylkesmannen.

### ***Hjelpeutrekning***

For å lette arbeidet med å rekne ut korrekt beløp for produksjonstilskot, tilbyr SLF hjelpeutrekning for registrerte søknader. SLF vil på gjevne tidspunkt rekne ut brutto tilskot på grunnlag av registrerte opplysningar oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga vert presentert for fylkesmannen i tilskotsbrevrapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891 som vert lagt på FM-sambandet. Fylkesmannen kan deretter nytte desse for registrering av beløp til utbetaling.

For at data skal kome med i hjelpeutrekningane, må registreringa vere avslutta innan kl 12.00 dei datoane som er vist i tabellen under. Hjelpeutrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultatata vil normalt vere klare dagen etter.

Frist for registrering	Resultat klart
Onsdag 17.2.	Fredag 19.2.
Mandag 22.2.	Tirsdag 23.2.
Mandag 1.3.	Tirsdag 2.3.
Mandag 8.3.	Tirsdag 9.3.
Mandag 15.3.	Tirsdag 16.3.
Mandag 22.3.	Tirsdag 23.3.
Tirsdag 6.4.	Onsdag 7.4.

### ***Frist for registrering av saker***

Statens landbruksforvaltning utbetaler dagleg. Utbetalingane vert gjennomført med grunnlag i fylka sine registreringar.

SLF hentar alle registrerte saker mandag **12. april**. Alle manuelle utbetalingar bør vere gjennomført for denne datoen. Saker registrert etter denne datoen vert ikkje overført til SLF. Dette kan få konsekvensar for utbetaling av tilskot etter søknad 20.01.2010 p.g.a. eventuell rest av botnfrådrag og reduksjon grunna manglande miljøplan. Fylkesmannen må ta omsyn til dette.

Data frå søknader som ikkje er ferdig handsama av fylkesmannen før 12. april, vert ikkje tilgjengelege i LIB, noko som medfører mangelfullt datagrunnlag for oppslag, saksbehandling og utarbeiding av statistikk.

Med helsing  
for Statens landbruksforvaltning

Håvard Gulliksen  
seksjonssjef

Sverre Saxebøl  
seniorrådgjevar

**Vedlegg til rundskriv 6/10.****Døme på utrekning av areal – grovfôrareal i flere soner og avkorting av areal**

Eit føretak disponerer:

- 300 daa eng og beite (kode 210), 70 daa i sone 5 og 230 daa i sone 2
- 150 daa innmarksbeite (kode 212), 100 daa i sone 5 og 50 daa i sone 2
- 20 melkekyr

*1. Avgrensing av innmarksbeiteareal*

67 % av arealet i sone 5 og 33 % i sone 2

Faktor pr. dyr:  $7,5 * 0,67 + 7 * 0,33 = 7,3$  daa

20 dyr gjev rett på tilskot for  $20 * 7,3 = 146$  daa:

sone 5:  $146 \text{ daa} * 0,67 = 98 \text{ daa}$ , normert med faktor 0,6 = 59 daa

sone 2:  $146 \text{ daa} * 0,33 = 48 \text{ daa}$ , normert med faktor 0,6 = 29 daa

1 daa innmarksbeite = 0,6 daa fulldyrka, samme faktor i alle soner

*2. Grovfôrareal i alt, etter avgrensing og normering av innmarksbeiteareal*

Areal, daa	Sone 5		Sone 2		SUM normert
	Areal i søknad	Normert	Areal i søknad	Normert	
Grovfôr	70	70	230	230	300
Innmarksbeite	100	59	50	29	88 <sup>6</sup>
SUM normert		129		259	388
I %		33		67	100

Maks. areal pr. melkeku: sone 5-verdi \* 0,33 + sone 2-verdi \* 0,67:

Grovfôr i alt:  $15 * 0,33 + 14 * 0,67 = 14,3$  daa

For 20 melkekyr:

Grovfôr i alt:  $14,3 * 20 = 286$  daa, areal avgrenses til 286 daa før utmåling av tilskot

Areal vidare fordelt på sone 5 og 2 før utmåling av tilskot:

Intervall	Sone 5 (33 %)	Sone 2 (67 %)	SUM
0-200 daa	66	134	200
Over 200 daa	28	58	86
SUM	94	192	286

<sup>6</sup> avgrensa og normert

**Døme på utrekning av husdyrtilskot, driftstilskot i spesialisert kjøttferaseproduksjon, tilskot til dyr på utmarksbeite og tilskot til dyr på beite– foretaket driv på eigedom eid av samdriftsmedlem (eksempel med krav om 50% kjøttferase)**

## TILSKOT TIL HUSDYR :

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Tal dyr pr. dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
2-Storfe	117	Storfe kjøttfe	17			
	119	Storfe	25			
	Sum dyr i gruppa:			17	393	1 - 250 dyr 6681
5-Ammeku	118	Ammekyr kjøttfe	18			
	121	Ammekyr	31			
	Sum dyr i gruppa:			18	1755	1 - 25 dyr 31590
Sum tilskot til husdyr						kr 38271

## DRIFTSTILSKOT I SPESIALISERT KJØTTFERASEPRODUKSJON:

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Tal dyr	Kroner
5-Ammeku	118	Ammekyr kjøttfe	18	
Sum driftstilskot				kr 14760

## TILSKOT TIL DYR PÅ UTMARKSBEITE:

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Tal dyr pr. dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Storfe/hest	410	Beite kyr	14			
	420	Beite ungdyr	25			
	Sum dyr i gruppa:		35 *	300	1 >	dyr 10500

\*) Dersom det er rapportert færre dyr på telledato enn på beite, er talet på dyr på telledato brukt som utrekningsgrunnlag. Dyr som ikke tilfredsstiller eventuelle krav til kjøttferase inngår heller ikke i utrekningsgrunnlaget.

Sum tilskot til dyr på utmarksbeite kr 10500

## TILSKOT TIL DYR PÅ BEITE:

Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Tal dyr pr. dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Storfe/hest	411	Beite kyr	14			
	422	Beite ungdyr	25			
	Sum dyr i gruppa:		35 *	350	1 >	dyr 12250

\*) Dersom det er rapportert færre dyr på telledato enn på beite, er talet på dyr på telledato brukt som utrekningsgrunnlag. Dyr som ikke tilfredsstiller eventuelle krav til kjøttferase inngår heller ikke i utrekningsgrunnlaget.

Sum tilskot til dyr på beite kr 12250